



Dokumenttype:	Revidert av:	Godkjend av/dato:	Versjon:
Prosedyre	Steffen Ben Jonstad	Lise Mari Haugen / 22.09.2020	3.0

Å melde og behandle avvik i avviksmodulen i Rettesnora

1 Formål

Prosedyren skal sikre at registrerte avvik vert meldt, følgt opp og lukka på ein korrekt og dokumenterbar måte. Ved å identifisere, melde, behandle og dokumentere avvik, uønskte hendingar og forbetningsforslag skal ein sikre at det vert sett i verk korrigerande tiltak for å avgrense skade der og då og førebyggje at nye skjer.

- Hovudføremålet med å melde avvik er å lære av hendingane og motivere til kontinuerleg forbetring for å levere *gode tenester* og *tryggje arbeidstilhøva* for dei tilsette.

Avviks- og forbetningsmodulen i Rettesnora er kommunen sitt interne, elektroniske meldesystem for avvik og forbetningsforslag – og inngår i Kommunedirektørens elektroniske eigenkontrollsysten, Rettesnora.

Varsling av kritikkverdige tilhøve skjer gjennom eigen Varslingsmodul i Rettesnora.

Tilsette sitt ansvar:

- Rett og plikt til å melde avvik og uønskte hendingar som *vedkjem seg sjølv* eller som ein *oppdagar* eller *høyrer om*.
- Om naudsynt set ein i verk *strakstiltak*.
- Avvik går ordinær tenesteveg for oppfølging

I tillegg til kommunens elektroniske meldesystem for avvik kan kommunen ha krav til seg frå **eksterne styresmakter/kontrollorgan m.v om å melde** frå om hendingar og tilhøve, gjennom andre kanalar og etter eige regelverk.

2 Bruksområde

Desse skal bruke avviks- og forbetningsmodulen:

- Alle tilsette i kommunen
- Verneombod (på eige verneområde) og hovudverneombod (kommunenivå) kan melde avvik i kraft av rolla dei har, med vekt på meldeområda: *Helse- miljø og tryggleik* og *Vernerundar*. Verneomboda har elles *lesetilgang* til avvik meldt på desse meldeområda for sitt verneområde.

Tilhøve som ikke skal registrerast i avviksmodulen men følgjast opp annan stad:

- **Skadar** som ikkje skuldast føregåande avvik på *tilsette*, på *elevar* eller på dei av brukargruppene kommunen har *forsikra*, skal registrerast i eigne *skademodular* i Rettesnora
- Klager eller innspel frå **politikarar**
- Klager eller innspel frå **ålmenta** (publikum, brukarar, media o.a.)
- Meldeområdet HMT i avviksmodulen:



- FDV - **løpende driftsoppgåver/-feil** (t.d. skifte av lyspærer, strøing av veg, snørydding, tette komar, tette slukar, små utbetringer og liknande.) skal meldast til **vaktmeister** på aktuell stad.
- FDV – **tinging av tenester** fra vaktmeister eller reinhaldar skal skje direkte til *leiande vaktmeister* eller *leiande reinhaldar*.
- Meldeområdet IKT- og informasjonstryggleik:
 - **IKT og telefoni:** SYS-IKT Helpdesk (tlf 95 733 733) tek imot førespurnader frå tilsette som gjeld drift av tekniske løysingar vedkommande nettverk, pc, skrivar, telefoni og generelle brukarproblem i deia løysing. Støtte vedkomande fagapplikasjonar skal til leverandør. Feil ved kopimaskiner skal rettast til den som har serviceavtale med kommunen på vedkomande maskin.

3 Definisjonar

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav i lov, forskrift eller interne prosedyrar.
 - Kommunedirektøren definerer avvik *utvidande*: Også *uønskte hendingar og forbettingsforslag* kan meldast som avvik, jf definisjonen nedanfor
- **Uønskt hending:** Ei hending, eller tilløp til hending, som har/kan ha ein negativ verknad for kommunen internt eller mot omverda (omdømme, økonomi m.v.).
- **Å melde** eit avvik er å *gje informasjon* tenesteveg om tilhøve som bør sjåast nærare på av overordna om krev vidare oppfølging. Eit meldt avvik kan slik sjåast på som eit **forbetningsforslag**.
- **VARSLING!**: Varsling om kritikkverdige tilhøve i kommunen (jf Arbeidsmiljølova kapittel §§ 2A1 - 2A4) skal meldast gjennom eigen Varslingsmodul i Rettesnora – sjå kryssreferanse om Prosedyre for Varsling av kritikkverdige tilhøve for oppfølging av desse.
- **Rettesnora:** Rettesnora - *kommunedirektørens elektroniske eigenkontrollsysteem* har fleire elektroniske modular til hjelp i eigenkontrollarbeidet (avviksmodul, risikomodul, dokumentstyringsmodul, skade- og fallmodular). Alle med pålogging i Citrix har tilgang til Rettesnora.

4 Meldeområda i avviks- og forbettingsmodulen

I avviks- og forbettingsmodulen melder vi avvik på følgjande **meldeområde**:

MELDEOMRÅDE	DEFINISJON
Fagleg kvalitet	Brot på lover, forskrifter eller interne prosedyrar for fagleg kvalitet på kommunal tenesteleveranse eller -forvaltningsutøving.
HMT (Helse-, miljø og tryggleik)	Brot på Arbeidsmiljølov, forskrift eller interne prosedyrar som gjeld helse-, miljø og tryggleik for tilsette. Også avvik som har medført <u>skade</u> på bygg/tekniske installasjonar/materiell melder du her. Avvik som i tillegg har medført <u>personskade</u> eller <u>fritidsskade</u> på tilsette kan meldast herifrå og direkte inn i skademodulen. (Skadar på tilsette som ikkje skuldast avvik - melder du derimot direkte i modulen "Skade tilsett").
Brukarrelaterte avvik	Uønskt hending, med eller utan personskade, med konsekvens for brukar av kommunale tenester.



Informasjontryggleik og personvern	Brot på personopplysningslova eller kommunens prosedyrar for handsaming av personopplysningar, eller brot på prosedyrar knytt til informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT).
Legemiddelhandtering	Avvik som gjeld kommunen og helsepersonell si handtering av legemiddel når det blir ytt helsehjelp etter lov om helsepersonell (§ 3, tredje ledd), jf. forskrift om Legemiddelhåndtering.
Forbetringsforslag	Forbetringsforslag er tilhøve som ikkje er avvik, men er forslag til forbeting/kvalitetsheving for å ivareta menneske, miljø eller materiell m.v.
Vernerunde	Dei av tiltakspunkta etter gjennomført vernerunde som er å sjå på som avvik (slik det er definert på HMT-meldeområdet), kan meldast her av lokalt verneombod. Dette for å kunne følgje einingsleiar vidare oppfølging av avviket. Alternativt melder einingsleiar dette sjølv.
Internrevisjon og tilsyn	Avvik i samband med interne revisjonar og tilsyn frå eksterne tilsynsorgan skal meldast som avvik av den som formelt eig avviket, og som skal følgje det vidare opp.

Kva type hendingar/manglar/fel ut over openberre avvik som skal meldast gjennom avviks- og forbetringsmodulen, er det ikkje noko to-streks-svar for. Dette bør avklarast gjennom dialog mellom einingsleiar og dei tilsette, fagområde for fagområde.

5 Ansvar

Alle meldte avvik og forbetringsforslag går *tenesteveg* for oppfølging på lågast mogeleg nivå (som hovudregel av einingsleiar), og er berre synleg for denne og overordna kommunedirektør.

- Unnatak er meldeområdet **VARSLING!** (av kritikkverdige tilhøve) – gjennom eigen varslingsmodul i Rettesnora. Desse går direkte til Kommunedirektør for første vurdering og oppfølging.

Tilsette sitt ansvar:

- Rett og plikt til å melde avvik og uønskte hendingar som *vedkjem ein sjølv* eller som ein *oppdagar* eller *høyrer om* – og setje i verk *strakstiltak* for risikoreduksjon om naudsynt.
- Blir oppfordra til å melde frå om aktuelle *forbetringstiltak* i eiga eining eller annan stad i kommunen
- Rett til å *varsle om kritikkverdige tilhøve* – gjennom eigen Varslingsmodul i Rettesnora.

Overordna personalleiar (einingsleiar/kommunalsjef):

Er *behandlar* av avviksmeldingar og forbetringsforslag på sitt område og skal sørge for at alle avvik vert sakhandsama og rapporterte på i tråd med prosedyren.

- Iverksetting av *tiltak (tiltaksordre)* for å lukke avvik kan delegerast frå behandler til andre tilsette ved behov – men avviket skal ikkje delegerast til andre.
- Om melder ikkje har eiga pålogging i Citrix, skal det *papirbaserte meldeskjemaet* nyttast for ei første-registrering av avviket, som personalleiar så legg inn i avvikssystemet og handsamar der
- Har ansvar for at tilsette får *opplæring* i bruk av det elektroniske avvikssystemet som del av det ordinære eigenkontrollarbeidet i eininga.

Kommunedirektør:

- Er systemeigar for avviks- og forbetringsmodulen
- Skal sørge for det fungerer og at naudsynt opplæring blir tilbydd.
- Er direktemottakar av meldingar meldt gjennom *Varslingsmodulen*.

Kommunestyret:

- Har det overordna ansvaret for at det er etablert system for avvikshandsaming på administrativ side i kommunen.



6 Framgangsmåte

For å kunne melde avvik og forbettingsforslag i den elektroniske avviksmodulen må ein vere pålogga som unik brukar i kommunen sitt datasystem (må ha eiga pålogging/passord).

Tilsette utan eiga pålogging melder til personalleiar på papirbasert meldeskjema – sjå vedlegg.

Hovudaktivitetar ved registrering, oppfølging og lukking av avvik og forbettingsforslag:

Nr.	Aktivitet	Tidsfrist	Ansvar
1	<p>MELDAR*: Tilsett melder avvik, uønskt hending eller forbettingsforslag i eige meldeskjema i avviksmodulen i Rettesnora (med inngang frå Innsida gjennom ikonet «Meld avvik» oppe på sida).</p> <ul style="list-style-type: none"> Alle punkt merka med raud * i meldeskjemaet er obligatoriske å fylle ut. Fyll ut skjemaet så fyldestgjerande som mogeleg. Ein skal ein <u>ikkje</u> namnge person i meldeskjemaet, men melde på hending, system, teknologi, verktøy, prosedyrar, lover og reglar m.v. – evt nytte klientnummer Under tiltak registrerer ein evt gjennomførte strakstiltak og/eller tiltaksforslag. <p>Meldar vil i Outlook bli orientert undervegs i heile behandlinga av avviket etter at det er meldt.</p>	Snarast råd og seinast etter 4 dagar	Tilsett
2	<p>BEHANDLAR**; Blir varsla elektronisk i Outlook og i innboksen i avviksmodulen om at nytt registrert avvik er til oppfølging</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurderer om ein er <i>rette mottakar</i> av avviket og om <i>meldeområdet</i> er rett. Kan evt. avvise avviket om dette ikkje er eit avvik pr definisjon Kan <i>rute avviket vidare</i> i systemet til rett mottakar, om ein sjølvre er feil mottakar 	Snarast og innan 7 dagar etter mottatt avvik	Behandler
4	<p>BEHANDLAR; Tar det innkomne avviket til <i>realitetsbehandling</i>.</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurderer <i>alvorlegheitsgrad</i> på avviket (obligatorisk) Vurderer <i>årsaka</i> (valfritt) Vurderer å setje i verk risikoreduserande <i>tiltak</i> gjennom eigen tiltaksordre (valfritt) 	ORDINÆRT: 14 dagars frist etter at avviket er tatt til behandling. Kan endrast av denne ved grunngjeve behov	Behandler
5	<p>TILTAKSANSVARLEG*** mottek arbeidsordre i Outlook på oppgåve som skal utførast i samband med avviket (obligatorisk).</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltaksansvarleg vurderer arbeidsordren, gjennomfører den Kvitterer ut gjennom systemet om kva tiltak som er sett i verk. 	Ordinært 14 dagar , men kan endrast av denne ved grunngjeve behov	Tiltaks-ansvarleg
6	<p>BEHANDLAR mottek beskjed i Outlook om at evt arbeidsordre er gjennomført. Vurderer gjennomført tiltak - gjer ei <i>avsluttande vurdering</i> av avviket og <i>kvalitetssikrar</i> det – lukkar avviket i systemet.</p>	Ordinært (jf ovanfor): $7 + 14 = 21$ dagar etter meldt avvik.	Behandler

* «Meldar» i avvikssystemet: Den som melder frå om avvik og forbettingsforslag. Denne rolla får alle tilsette med eiga pålogging til Innsida gjennom Citrix, automatisk.



Dokumenttype:	Revidert av:	Godkjend av/dato:	Versjon:
Prosedyre	Steffen Ben Jonstad	Lise Mari Haugen / 22.09.2020	3.0

** «**Behandlar** i avvikssystemet: Den som mottar, behandler og lukkar avvik elektronisk – ordinært melder sin overordna personalleiar .

*** «**Tiltaksansvarleg** i avvikssystemet: Behandlar genererer ein elektronisk arbeidsordre i systemet knytt til oppfølging av det konkrete, innkomne avvik. Tiltaksansvarleg er utførar av arbeidsordren, og melder elektronisk attende til behandlar om kva tiltak som er gjennomført.

7 Avvik i lærings- og forbettingsarbeid

Systematisk registrering og handtering av avvik og utarbeiding av risikoreduserande tiltak er viktig for å utvikle ein **dynamisk og god eigenkontroll** i kommunen og den enkelte eining.

Registrering av avvik har likevel avgrensa verdi om det ikkje inneber anna enn ein datastraum inn til einingsleiar og årleg oppsummering til kommunedirektøren. Meirverdien for styrking av eigenkontrollen oppstår først når **årsak** til avvik vert avdekka og **tiltaka** som vert sett i verk inngår i ei læringsløyfe: At det blir gjort kortsiktige og langsiktige forbeteringar gjennom auka samla medvitsnivå, endra prosedyreverk, endra praksis, nye opplæringstiltak vert gjennomført m.v.

- Kvar **einingsleiar** skal ha avvik som fast tema i personalmøte, tre-parts møte og fagmøte o.l. Det skal settast av tid til diskusjon og forbeting på område der avvika syner at ein har *oppfopingar* av uønskte hendingar.
- **Kommunalsjefane** skal ha eigenkontroll generelt og avvik spesielt som tema i løpende drift, fagmøter med einingane og i medarbeidarsamtalar med einingsleiar.
- **Leiarar på alle nivå** er viktige ambassadør for modulane i Rettesnora generelt og avvikssystemet spesielt ved:
 - Sjølv vere ein aktiv meldar, gje opplæring i systemet i eiga eining/sektor og oppmøde underordna til å ha låg meldeterskel («ja-til-å-melde-kultur!»)
 - Nyte avviksrapportar frå systemet som styringsinformasjon i eigenkontrollarbeidet og rapportere desse etter gjeldande retningslinjer.

8 Vedlegg

- [Papirbasert meldeskjema](#) for registrering av avvik i Avviks- og forbettingsmodulen
- [Flystskjema](#) for arbeidsflyten som meldar, behandler og tiltaksansvarleg skal gjere i samband med eit avvik
- [Meldeområde for avvik, med definisjonar](#)

9 Kryssreferansar/ressursar

- Rettesnora - [«Kommunedirektørens eigenkontroll»](#) - med presentasjonar og manualverk:
 - Presentasjon: [Tilsettversjon – korleis melde avvik i avviksmodulen](#)
 - Opplæringsvideo: [Korleis melde eit avvik](#)
 - Presentasjon: [Meldeområda i Avviks- og forbettingsmodulen, utdjupande definisjonar pr meldeområde](#)
 - Prosedyre nr 11, Varsling om kritikkverdige tilhøve
 - Prosedyre nr 10, [Personalforsikring og personalskader](#)
- Prosedyre for Varsling av kritikkverdige tilhøve